

INNHOLD

INNLEIING.....	2
FJELLSTYRE.....	3
MEDLEMMER	3
AKTIVITET	3
FJELLOPPSYN.....	3
TILSETTE.....	3
AKTIVITET	3
REFUSJON	3
SAMARBEID - OPPDRAG	4
STØL OG BEITE	4
STØL	4
BEITE - TILLEGGSJORD.....	5
STØLSVEGAR	5
HYTTEPLAN FOR STUBBESET.....	5
FISKE.....	5
FISKEKORTSAL.....	6
FISKEKORT FOR INNANBYGDS	6
REGISTRERINGAR.....	6
KULTURARBEID M.M.....	7
SMÅVILTJAKT	9
FORVALTNING.....	9
KORTSAL	9
JAKTSTATISTIKK	9
ELGJAKT.....	12
RÅDYRJAKT.....	13
JAKTPRØVER	13
TILSKOT OG TILTAK.....	14
MILITÆRE ØVINGAR.....	15
MOTORISERT FERDSEL I UTMARK.....	15
ØKONOMI.....	15
GENERELT.....	15
REKNESKAPSUTRAG:	16
STATUS:	17
VASETFONDET.....	18
REKNESKAP FOR VASETFONDET:	18
REVISJONSMELDING.....	19

INNLEIING

Oppnemning av fjellstyre er regulert i fjellova av 1975, §3 der det heiter :

"I kvar kommune der det er statsalmenning skal det vere fjellstyre.

Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsalmenning så langt anna er fastsett i eller i medhald av lov. Det skal arbeide for å sikre at almenninga vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene.

Fjellstyret skal ha 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Dei vert valde av kommunestyret, eit medlem som leiar og eit som nestleiar.

Fleirtalet av medlemmene med varamedlemmer skal veljast blant personar som siste året har vore og framleis er fast busette i området der almenninga ligg , og som Kongen fastsett grenser for, eller i bygd eller grend der innbuarane frå gamal tid har utøvd almennningsbruk i almenninga .

Funksjonstida er fire år og følgjer kommunevalperioden.

Kommunestyret skal syta for at jakt-,fiske- og friluftsinteressene vert representert i fjellstyret og at minst to medlemer med varamenn vert valde blant dei som har rett til almenningsbruk i almenningen som jordbrukar. Kongen kan, for område som er eller vert lagt under lova, fastsetje at reindriftsnæringa skal vere representert i fjellstyret og at den eine eller begge av dei to som skal ha almenningsrett som jordbrukar i staden skal vere reineigar. Elles gjeld reglane i kommunelova om kven som kan veljast som medlem av kommunale nemnder tilsvarande ved val av fjellstyre."

FJELLSTYRE

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar: Eivind Mørken
Nestleiar: Jorunn Bråten Tvenge
Styremedlem: Jon Bråten
Kjell Strand
Marit Anny Løken Tvenge

Aktivitet

Fjellstyret heldt 5 ordinære styremøter og behandla 72 saker , vidare var det 1 befaring. I tillegg deltok representantar på årsmøte for fjellstyra i Oppland, årsmøte for fiskeanlegget FOSA, årsmøte for Norges fjellstypesamband, møte om driftsplan for elg m.m. Fjellstyreleiaren er representert i styret for ”Vaset Utbyggingsselskap A/S”, og han har i tillegg delteke på ulike møter og befaringsar. Styremedlem Kjell Strand er representant i styret for Fjellstyra i Oppland og styremedlem i Norges fjellstypesamband.

FJELLOPPSYN

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I, Harald Ranum
Fjelloppsyn II, Endre Hemsing

I tillegg har ein leigd inn tilfeldig hjelp i samband med tiltak for friluftslivet og til fiskekulturarbeid.

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som skal omfatte saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Saksbehandling og kontroll/informasjon er dei arbeidsoppgåvane som tek mest tid. I kontrollfunksjon er det viktigast å virke preventivt. Talet på påtala saker ligg omrent som tidlegare år.

Fjelloppsynet har representert fjellstyret i ulike samanhengar m.a. som styrerrepresentant i ”Fisking i Valdres”.

Refusjon

Etter fjellova § 36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjend oppsynsordning. Tidlegare fekk ein godkjent ei fast mengde årsverk og refundert utgifter til lønn og reise m.m. Refusjonsordninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgiftene avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Reglane vart då også endra slik at for eksempel arbeid med sal av jakt- og fiskekort, rekneskap m.m. ikkje vart refusjonsberettiga. Refusjon frå Staten var i 1998 på kr 192000 og dette svarar til refusjon for ca 1,3 årsverk. Fjellstyret har søkt om større

refusjon i fleire år, men ut frå dei løyvingar Stortinget har vedteke har det ikkje vore rom for auke.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Statskog og fjellstyra for å koma fram til faste reglar for tildeling av refusjon. Fjellstyreleiaren er valt inn som representant for fjellstyra i Oppland i utvalet. Tilsynet skal leggjast fram i løpet av året.

Samarbeid - oppdrag

Sidan ein berre har refusjon for 1,3 årsverk er det derfor nødvendig å innhente oppdrag utanfrå for å ha dekning for 2 fast tilsette fjelloppsyn. Det er utført oppdrag for kr 137546,46 og dette svarar til ca. 0,4 årsverk. Etter fråtrekk av refusjon og oppdrag blir dei faktiske utgiftene til oppsyn kr 299406,25. Ein del av oppdraga er tilfeldige slik at storleiken på innteninga blir usikker frå år til år.

Siste år hadde ein følgjande faste oppdragsgjevarar:

- arbeid for settefiskanlegget til fjellstyra i Oppland (FOSA)
- oppsyn for Veståsen grunneigarlag
- administrasjon av driftsplan for elg i V.Slidre kommune
- administrasjon av driftsplan for elg i Vang kommune
- oppsyn med militære øvingar og motorisert ferdsel i utmark i Ulnes sameige
- fjelloppsyn for Vang fjellstyre i Eidsbugarden fjelleigendom
- naturopsyn i verneområda: Øynadn naturreservat, Tøss naturreservat, Uri naturreservat, Smådalen landskapsvernombord, Helin plantepark og Lomendeltaet fuglefredningsområde

I tillegg har ein hatt oppdrag for Norges fjellstypesamband, viltkartlegging for V.Slidre kommune, viltkartlegging for Vang kommune og det er utført ein del prøvefiske og analysearbeid av prøvefiskeresultat for ulik oppdragsgjevarar.

STØL OG BEITE

Støl

Det er ikkje søkt om nye stølar i året.

Tidlegare søknad om støl til Rudvang/Forset 81/2 ved Rensenn er sjølv etter fleire påminningar framleis ikkje behandla i fylkeslandbruksstyret. Søkjaren har no trekt søknaden.

Tidlegare søknad om å få feste på ei løe som utan løyve er bygd om til fritidsformål har Statskog avslag. Statskog har pålagt eigaren å fjerne huset, men dette er ikkje etterkome. Juridisk avdeling ved Statskog sitt hovudkontor har teke over saka for vidare behandling.

Beite - tilleggsjord

Det er ikkje kome nye søknader om beite eller tilleggsjord.

På Vaset er det søkt om å få omdisponere udyrka del av tilleggsjord til campingplass. Fjellstyret tilrådde for fleire år sidan ein tilsvarande søknad på same jordet, og fann ingen grunn til å endre tidlegare tilråding. Omdisponering er ikkje samsvar med kommuneplan, og kommunen må endre kommuneplanen dersom dei ynskjer ny campingplass i Vasetområdet. Søknaden er oversendt kommunen til behandling.

STØLSVEGAR

Det største problemet for stølsvegane er tilgangen på grus. På bakgrunn av dette sette fjellstyret i 1995 i gang registrering av grusførekomstane. Fjellstyret la etter dette fram ei grusplan og sökte kommunen om dispensasjon frå kommuneplanen.

Planen vart behandla i kommunen, men dei ville ha ei meir utfyllande plan for å kunne behandle søknaden som dispensasjonssak. Kommunen kunne ikkje godkjenne heile planen som dispensasjonssak, men bad fjellstyret redusere talet på lokalitetar. Vidare ynskte dei meir detaljert plan for uttak m.v. Fjellstyret la deretter fram ein revidert plan som vart sendt kommunen til behandling. Kommunen vil sluttbehandle søknaden i 1999.

HYTTEPLAN FOR STUBBESET

Vasetområdet er av kommunen peikt ut som satsingsområde for turistutbygging og det er lagt ned store grunnlagsinvesteringar. I eit forsøk på å få fortgang i investeringane på Vaset har kommunen utarbeidd ei plan for utbygging av ca. 50 nye hytter på Stubbeset ved Vaset. Det er stifta at eit utbyggingsselskap skal stå for sal av tomter og eventuelt overskot skal gå inn som kapital i vidare utbygging på Vaset.

Fjellstyret arbeidde for att grunneigarfondet v/Statskog burde gå inn som ein betydeleg aksjonær. Dette resulterte i at grunneigarfondet gjekk inn med ein aksjekapital på kr 650.000.

Dette er fyrste prosjektet der grunneigarfondet blir brukt på denne måten i eit forsøk på å skape ny aktivitet på statsalmenningsgrunn. Statskog ser på dette som eit prøveprosjekt for å vurdere om dette er ein måte å støtte opp om nye tiltak. Resultatet av prosjektet vil derfor ha avgjerande betydning om dette kan vera ein måte å nytte midlar frå grunneigarfondet på, også i andre statalmenningar.

FISKE


Fiskekortsal

Det er solgt 1134 stk fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande. Dette er det største kortsalet fjellstyret til no har registrert. Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 120830,25 (kr 102800 i 1997) - til fråtrekk kjem 15 % provisjon til kortseljar. Fjellstyret har hatt utgifter til settefisk og leigd hjelp til kulturarbeid på kr 78882,30. I tillegg kjem arbeidet fjelloppsynet har gjort.

Reknar ein med alt som blir brukt til kultiveringsarbeid, oppsyn og administrasjon av fiske er det vesentleg større beløp enn det som kjem inn som inntekter frå fiskekortsal.

Sal av fiskekort fordelt på korttyper:

Innanbygds				Utanbygds											
Enkeltkort		Familiekort		enkeltkort		Familiekort									
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år
4	10	7	71	2	5	3	38	304	217	83	155	73	49	33	84
92		48		759		239		998		1138					
140															



Fiskekort for innanbygds


Etter at fiskekort for innanbygds vart innført att har kortsalet auka frå 52 stk i 1994 til 140 stk i 1998. Det vart det ikkje kontrollert nokon som fiska utan kort.

Registreringar

Fjellstyret har halde fram samarbeidet med fiskarane i samband med overvaking og kulturarbeid. Ein får ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdere kulturtiltak på. Dette er kostnadssparande og det styrker og kontakten mellom forvaltning og brukarane av vatna.

Ut frå fangsrappartane har ein sett opp følgjande fangstoversikt:

(Resultata er usikre då det er få fiskar i nokre vatn, brukar ulike vekter med meir.)



Kulturarbeid m.m.

Dei siste 2 åra er dei fleste gytebekkane undersøkt og registrert med el-fiskeapparat. Dette har synt at det er stor skilnad på produksjon av yngel/småfisk i dei ulike bekkane. I fleire av bekkane er det lite som trengst for å få dei utbetra medan det i andre trengst større arbeid. Fylkesmannen har gjeve kr 30000 i tilskot til arbeidet med utbetre gytebekkane. På grunn av stor vassføring vart ein ikkje ferdig i 1998, men ein har fått utsetjing til 1999 for å gjera arbeidet ferdig.

Ein har halde fram samarbeid med interesserte fiskarar og fiskeutvalet i V.Slidre jeger- og fiskarlag om innsamling av rogn av lokal stamme for levering til FOSA (fiskeanlegget til fjellstyra). På bakgrunn av dette har vi i fleire år fått lokal stamme ved utsetting av fisk.

Ein har også ført vidare samarbeidet med opprydding/restaurering av gytebekkar. Vidare har ein del fiskarar gjort ein god innsats med kyticfangst. Det er teke opp over 450 liter kytic - hovudsakleg i Grønsenn, Rensenn, Halvorstølstjedne, Midtre og Sørre Syndin.

I samarbeid med fjellstyret arrangerte V.Slidre jeger- og fiskarlag også i år fiskedag ved Buaråne. Dette vart som vanleg eit vellykka arrangement med godt oppmøte.

Statusoversikt for fiskevatna:

Vatn	Status i vatnet	Antal utsette fisk	Kyte fangst	Aktuelle tiltak
Rensemenn 9 prøver	Vekt, lengde, k-faktor, raud kjøtfarge og aure/garnnatt over snittet for siste 8 år. Berre 5 og 6-åringar i fangsten. Det er ikkje sett ut fisk dei siste 2 år. Vekst litt under snittet		72 liter	Fylgje med på rekrutteringa
Grønsenn 46 prøver	Vekstkurve og raud kjøtfarge over snittet. Gode veksttilhøve. Lengde, vekst og aldersfordeling om lag som snittet for dei siste 7 år. K-faktor, antal merka og gyte% under snittet. Stamfiske i vatnet.	1000 1-årig Grønsenn	285 liter	Betre gytetilhøva
Nestisvatn	Det er sett ut fisk kvart år sidan 1996. Rapportane fortel om god aurebestand sumaren -98. Aukande bestand og god kvalitet på auren.	800 1-årig Grønsenn		Finne ut meir om tilstanden, prøvefiske
Midtre Syndin 23 prøver	K-faktor over snittet. Vekstkurve om lag som snittet. Vekst, lengde, antal merka fisk i fangst og gyteprosent ho under snittet for dei siste 4 år. Den sterke 90-årgangen er nærmast utfiska. Ny god årgang, (94) er på tur. Avhengig av utsetjing.	800-2årig Grønsenn	ca 70 liter	Setja ut fisk annankvart år ? Betre gytetilhøva
Sørre Syndin 66 prøver	Lengde, vekt, antal merka i fangst og vekstkurve over snittet for dei siste 5 år. Aldersfordeling om lag som snittet. K-faktor og gyteprosent om lag som snittet. Melding om därleg fiske 1998.			Undersøkje og betre rekruttering prøvefiske
Storfjorden 8 prøver	K-faktor og gyteprosent over snittet. Vekstkurve som snittet. Berre 5 og 6 åringar og 8 åringar i fansgsten. 4 åringane er borte dette året. Stabil bestand og god kvalitet på auren	13000 2-årig		Fylgje med på utviklinga
Mosvatn 63 prøver	Vekstkurve litt over snittet. Vekt, lengde, k-faktor og aldersfordeling om lag som snittet. 50 % av auren har bendelmakk. Fylkesmannen tok bort utsetjingspåleget 1996, ser ikkje verknad av dette enno. Det vart gjort tiltak (prosjekt "Bedre bruk av midlane i regulerte vassdrag") for å betre gytetilhøva i elva frå Helin hausten-97. Bekk frå tjerna reinska sumaren -98.			Undersøkje om gytetiltak verkar som tenkt
Halvorstølstjern og nabotjern 7 prøver	Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Låg k-faktor, mange aurar med kvit kjøtfarge og tidleg kjønnsmodning. Stabil liten aurebestand, middels kvalitet.		39 liter	Auka uttak av abbor er ynskjeleg.
Strøstjedn	Få og storvaksen aure, tusenvis og småvaksen abbor.			Kraftig auke i uttak av abbor
Svult 16 prøver	God vekst på auren, middels k-faktor, 1. Merka fisk i fangsten er 80 % Aukande bestand, god kvalitet på auren	500 1-årig Grønsenn		Betre gytetilhøva.

SMÅVILTJAKT

Forvaltning

Fugl:

Sidan starten på 90-talet har det vore därleg med lirype. Fjellstyret har derfor dei siste åra redusert jaktpresset. I 1996 reduserte ein talet på jaktkort for fuglejakt med 20 %, og lirype var freda for alle korttyper etter 10 dagar. Siste år innførte ein i tillegg "dagkvote" på 2 liryper pr. dag. Desse tiltaka har gjort at ein har fått redusert avskytinga av lirype, samstundes som ein kunne gi jegerane eit jakttilbod.

Kjuklingproduksjon har dei siste åra vore liten, og fjellstyret meiner har vore ein viktig grunn til at stammen har vore låg. Dei siste 3 åra har produksjon vore relativt god, men det må til fleire gode år for at stamma skal ta seg opp att. Inntil stamma har teke seg meir opp, bør ein derfor halde ved lag dei reduksjonar ein har no.

Hare:

Forvaltninga av harejakta har ikkje forandra seg vesentleg dei siste åra. Det er svingingar i bestanden utan at det er dramatiske utslag. Bestanden var klart høgare på 80-talet då revebestanden var sterkt redusert.

Kortsal

Jaktkortsalalet gav ei inntekt på kr 247205 mot kr 238730 året før. Dette fordeler seg med kr 16110 for innanbygds, kr 39000 for utanbygds uregulert periode og kr 192095 for utanbygds regulert periode.


Jaktkortsal for innan- og utanbygds										
innanbygds		utanbygds								
fritt sal		Regulert sal				fritt sal				
u/hund	m/hund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund	u/hund	m/harehund				
26	28	43	34	80	82	100	88			
54		77		162		339	146			
						485				
539										

Jaktstatistikk



Ut frå rapportane har ein berekna total avskyting for alle kortgrupper til 410 stk ryper og 146 stk harar (349 og 130 året før). Ut frå rapportane er det ein produksjon på 4,08 kjuklingar pr. voksne par (3,18 året før).



Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker då svarprosenten for nokon grupper er låg, spesielt for innanbygds. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er for utanbygds jegerar i regulert periode og følgjande statistikk er derfor berekna ut frå dette.

Utdrag frå jaktstatistikk - fuglejakt:





Frå og med jaktsesongen – 96 har utanbygds jegerar også rapportert ”sett vilt” av lirype, fjellrype, orrfugl og hare. Tal frå desse rapportane må ikkje lesast bokstavleg, men dei gjev eit inntrykk av utviklinga av småvilt-stamma.





Utdrag fra jaktstatistikk - harejakt:





ELGJAKT



Alle grunneigarlaga i Vestre Slidre gjekk i 1997 saman om ei felles driftsplan. Ein er framleis i ei oppstartsfase i dette arbeidet. Sjølv med erfaringar frå andre områder, ser ein at det må gjerast endringar fortløpende. Dette blir så langt som råd gjort i ei intern avtale mellom medlemmene utan at dette verkar inn på avtala med kommunen.

I plan har ein som målsetting å stabilisere elgstammen. Ved driftsplan har ein gjort ein 3-årig avtale med kommunen om korleis avskytinga skal skje. Driftplan gjer at ein i større grad enn tidlegare kan tilpasse kvote og avskyting i høve til dei dyr ein faktisk har i området det enkelte år.

I 1996 og delvis i 1997 var det innan kommunen relativt låg avskyting ut frå tilveksten. Resultatet var at elgstammen vokste sterkt og kvoten for kommunen måtte aukast. Kvoten for kommunen gjekk derfor i 1998 opp frå 90 til 150 dyr.

I almenningen auka kvoten frå 20 til 25 dyr og det vart i tillegg tildelt 8 tilleggsdyr frå driftsplanstyret, samla 33 dyr. Det vart skote 31 dyr.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 131729 mot kr 89993 året før. Auken i inntektene kjem at det er fleire dyr i grunnkvote og at inntektene av tilleggsdyr tidlegare gjekk til driftsplanstyret.



RÅDYRJAKT

Statsalmenningen fekk som tidlegare tildelt 10 fellingsløyver for rådyr, der 6 av korta vart selde. Ingen dyr vart felt. Rådyrjakta gav ei inntekt på kr 1200.

Kortsaledet er administrert gjennom jeger- og fiskarlaget.

JAKTPRØVER

Det vart arrangert 1 vinterprøve og 2 haustrører i almenningen. Dette gav ei inntekt på kr 10875 mot kr 11310 året før.

Ved den eine prøva vart ein sau så skada at den måtte avlivast. Fjellstyret er svært kritisk til ettersøksarbeidet som vart gjort i etterkant. Fjellstyret har drøfta saka er i møte med saueeigaren, representant for dyrevernens nemnda og for hundeklubben.

Dyrevernsnemnda har hatt ein grundig gjennomgang av saka med klubben, og det er gjort framsteg i rutiner ved eventuelle skader.

Regelverket fjellstyret har hatt for gjennomføring av jaktprøver vart gjort strengare etter eit uhell i 1980, og det har ikkje vore uhell før enn i år. Fjellstyret meiner at gjennomføring av jaktprøver blir gjort på ein tilfredsstillande måte, og trur uorganisert hundehald er ein mykje større fare for saueneringa.

Reglar for bandtvang varierer frå kommune til kommune, og det gjer det vanskeleg å halde oversikt over reglane. Forholda til beitedyra er ikkje så forskjellige anna enn at det burde vera mogeleg å samordne reglane i Valdres. Fjellstyret vil be kommunen ta dette opp med dei andre kommunane i Valdres med sikte på å få til ein felles dato.

TILSKOT OG TILTAK

Tilskot

Tilskot til stølsvegane blir i hovudsak tildelt til anlegg i staden for vedlikehald. Ved tilskot til anlegg vil investeringane gå til meir varige investeringar og på sikt heve vegstandarden. Ved tildeling av tilskot vil fjellstyret vurdere å prioritere samarbeidstiltak der det er mogeleg.

Tiltak

Fjellstyret fekk tildelt kr 47000 i tilskot til friluftslivtiltak frå Statskog. Det har vorte laga til ein ny rastepllass ved Krokånfeten, rusta opp rasteplassar, skilta m.v. I rekneskapsutdraget kjem ikkje arbeidsinnsatsen til fjelloppsynet fram.

Fjellstyret innvilga følgjande i tilskot og tiltak:

Stølsveg:	
Neste-Buaråne	50 000,00
Vaset-Murkelie	50 000,00
Høyume -Strø	20 000,00
Kvåsstølen-Bjødnhøvd	10 000,00
Nøsen-Bukono	10 000,00
Panoramavegen-Ø.Nøsen	5 000,00
Sum stølsveg	145 000,00
Diverse tilskot:	
Vasetløypene	10 000,00
Prosjekt levande stølar	10 000,00
Valdres folkemuseum	10 000,00
Stølspost	9 385,00
V.Slidre jeger- og fiskarlag	3 000,00
Elverensk i Kvitehaugen	2 214,00
Sum diverse tilskot	44 599,00
Aggregat	10 937,00
Friluftslivtiltak vedl./anlegg	73 006,15
Sum	273 542,15

MILITÆRE ØVINGAR

Almenningen har vore rekvikert til britisk militær trening i mange år. Fjellstyret har alltid samarbeidd med dei militære for at øvingane skal skje utan for mykje ulempe.

I år har det vore ein god del merknader til gjennomføring av øvingane. Det har vorte kjørt i skiløypenettet med bandvogn, det er mange snøscooterløyper til og fra treningsområdet, trening utanom godkjent treningsområde, pakking av stolsvegen Kvålsstølen-Bjødnhøvd med bandvogn m.v.

Almenningen er hovudområdet for trening og ein forventar at det blir vist større interesse for å oppretthalde avtaler som er gjort om gjennomføring av øvingane. Dersom fjellstyret for framtida skal tilrå at almenningen kan brukast som treningsområde, må det gjerast større innsats for at øvingane blir utført i samsvar med avtaler.

MOTORISERT FERDSEL I UTMARK

Det siste året er det registrert aukande trafikk med snøscooterar i kommunen. Dette skjer i hovudsak utanfor almenningen, men ein ser tendensar til at problemet utviklar seg i almenningen også.

Tidlegare vart fjelloppsynet leigd inn for å føre kontroll med snøscooterkjøring i heile kommunen. Etter avtale mellom kommunen, lensmannskontoret og fjellstyret vart dette arbeidet avslutta i 1996 då lensmannskontoret fann å kunne prioritere denne kontrollen. Fjelloppsynet vil derfor etter dette ikkje utføre kontroll med snøscooterar som oppdrag for kommunen. Når fjelloppsynet er ute på vanleg oppsynsteneste i almenningen, vil dei likevel utføre kontroll med motorisert ferdsel.

ØKONOMI

Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomisk og administrativt. Alle inntekter fra jakt, fiske m.m. i almenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene blir derimot delt likt mellom fjellstyret og eit grunneigarfond som er administrert av Landbruksdepartementet (delegeret til Statskog). Frå dette fondet får Statskog berre refundert for administrasjonsutgifter, resten skal gå til fellesorganisasjon for fjellstyra (Norges fjellstypesamband) og tiltak i statsalmenningane. I tillegg får fjellstyret refundert 50 % av godkjende oppsynsutgifter direkte frå staten.

Fjellkassa hadde ei inntekt på kr 1.309.488,18 og utgift på kr 1.327.332,16 som gir eit underskot på kr 17.843,98. Frå 1997 har inntektene auka med kr 195.336,55 og auken kjem i hovudsak frå elgjakt, utleige av oppsyn og motteke tilskot. Utgiftene har auka med kr 209.165,56 og auken kjem i hovudsak frå oppsynsutgifter, administrasjonsutgifter og innvilga tilskot.

Rekneskapsutrag:

Status:


Fjellstyret har følgjande status den 31.12.98:

Kasse	3 987,63
Bank	584 142,81
Postgiro	101 759,24
FOSA-aksjer	55 000,00
Fordringar	187 995,65
<u>Gjeld</u>	<u>-179 536,85</u>
<u>Eigenkapital</u>	<u>753 348,48</u>

Eigenkapitalen bør minimum vere så stor som i dag då ein stor del av inntektene kjem i slutten av året. Alternativet blir at fjellstyret må ha driftskreditt for å drive gjennom året.

Det er usikkert kor store inntekter vi får framover. Refusjon til oppsyn er avhengig av årlege politiske løyvingar og korleis dei nye retningsline for tildeling blir. Inntektene frå småviltjakta vil vere avhengig av korleis rypestamma utviklar seg. Kvoten for elgjakta kan gå ned til neste år. Omlegging av tilskotsordningen til stølsveg vil gjera det vanskeleg å budsjetttere sikkert då samla tilskota vil bli varierande avhengig av anlegg som vil bli gjennomført. Inntening ved oppdrag for fjelloppsynet vil også variere då ein del av dette er tilfeldige oppdrag. Festeinntektene har auka lite dei siste åra fordi det sidan 1983 har vore forskrift om prisregulering på festeavgift. Revisjon av tomfesteloven har stadig vorte utsett, men ein kan forvente ein sterkare auke i festeinntektene når revisjon er gjennomført.

Samla sett har økonomien til fjellstyret likevel vore relativt stabil dei siste åra, og aktiviteten bør leggjast opp omtrent som tidlegare. Ut frå dette bør ikkje utgiftene auke vesentleg dersom det ikkje skal gå for mykje ut over eigenkapitalen.



VASETFONDET

Fjellstyret er tillagt administrasjon av erstatningsfondet for Vasetutbygginga.

Fjellstyret har i år ikkje motteke søknad om tilskot.

Rekneskap for Vasetfondet:

Eigenkapital 1.1	140.358,00 kr
Renter	6.058,00 kr
<u>Eigenkapital 31.12</u>	<u>146.416,00 kr</u>

Vestre Slidre fjellstyre den 22.4.99

Eivind Mørken
fjellstyreleiar

VEDLEGG TIL ÅRSMELDINGA:
Revisjonsmelding

Revisjonsmelding